

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.11.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen, Erik Sverrbo m.fl.**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2010**

Arkivsak

2010/111/

Styresak 121/10 B

Styremøte 01.12. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 31. oktober 2010 til etterretning.

Oppsummering.

Til dels store endringar i innsattsstyrt finansiering (ISF) frå 2009 til 2010 gjer at det er vanskeleg å samanlikne den somatiske aktiviteten med tilsvarande tall for 2009. Samanlikna med budsjettert aktivitet er den samla DRG-produksjonen per oktober 2,6 % høgare enn det HF-a i sum har budsjettert med.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per oktober 2010 syner at sjølv om dei gjennomsnittlege ventetidene som forventa gjekk ned frå august til oktober, er dei i hovudsak framleis lengre enn for eit år sidan både innan somatikken, BUP og psykisk helsevern for vaksne. Unnataket er ventande med prioritet innan psykisk helsevern for vaksne som hadde kortare gjennomsnittlege ventetid enn ved utgangen av oktober 2009. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. I oktober 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 69 % innan somatikk, medan delen låg på 72 % innan psykisk helsevern. Det generelle biletet er at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene.

Akkumulert resultat pr oktober er positivt med kr 152,8 mill som er kr 14,9 mill betre enn budsjett.

Justert for reserve for å sikre usikkerheit er resultatet kr 149,6 mill betre enn budsjettert.

Føretaksgruppa rapporterer samla ei resultatprognose om lag som budsjettert. Justert for reserve gir dette eit resultat som er om lag kr 164 mill over budsjett. Helse Fonna og Helse Stavanger rapporterer ei realisert omstilling på høvesvis 47 og 54 % medan Helse Førde rapporterer at føretaket så langt har realisert 97 % av forventa effekt av omstillingstiltaka. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 6,1 % pr september og 6,3 % pr oktober. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,2 % i september og 5,4 % pr oktober noko som er ein liten auke frå tala pr august. Sjukemeldt sjukefråvær er pr oktober 1,4 prosentpoeng lågare enn pr oktober i fjor. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 540 pr november. Det er ein nedgang på 189 brutto månadsverk samanlikna med oktober og ein auke på 319 brutto månadsverk samanlikna med november i fjor.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i oktober på 83 prosent, 2 prosentpoeng opp i forhold til førre månad.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. oktober 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdier som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir samla tal for aktiviteten til og med oktober 2010 samanlikna med tala for dei tilsvarande månadene i 2009.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status =
Psykisk Helsevern for Barn og unge			
Aktivitet døgnerbehandling	4%	5%	
Aktivitet dagbehandling	3%	5%	
Psykisk helsevern for voksne			
Aktivitet døgnerbehandling	-0,8%	5%	
Aktivitet dagbehandling	4,9%	5%	

Somatikk

Fleire omleggingar på nasjonalt nivå innan innsatsstyrt finansiering (ISF) i 2010 gjer at ein ikkje kan rapportere somatisk aktivitet uttrykt i DRG-poeng, sjukehusopphald eller polikliniske konsultasjonar som er direkte samanliknbare med tal for 2009. Omleggingane består blant anna i at all poliklinisk aktivitet no blir finansiert innan ISF, noko som genererer fleire DRG-poeng enn i 2009, samt at "tekniske" endringar i ISF-logikken påverkar fordelinga mellom talet på sjukehusopphald og talet på polikliniske konsultasjonar, slik at desse heller ikkje er direkte samanliknbare mellom åra.

Dei faktiske tala syner at det totalt er generert nær 194 000 DRG-poeng dei ti første månadene av 2010. For Helse Vest er dette totalt 2,6 % høgare enn den samla summen helseføretaka hadde budsjettert med for same periode. Per oktober ligg alle dei fire helseføretaka på ei samla DRG-produksjon som er høgare enn budsjettert. Helse Bergen HF rapporterar og at det har vore vanskeleg å registrere korrekt innan somatikk pga endringar i pasientadministrativt system, og ei samla vurdering tilseier at aktiviteten er tilfredsstillande sett i samanheng med dei store omstillingane.

Det totale talet sjukehusopphald (døgner og dag) var om lag 211 000 for dei fire helseføretaka ved utgangen av oktober 2010, medan talet polikliniske konsultasjonar var nær 650 000. Per oktober 2010 hadde Helse Bergen HF og Helse Fonna HF ein aktivitetsutvikling målt i sjukehusopphald som var høgare enn det som låg i budsjetta, medan Helse Stavanger HF og Helse Førde HF låg under budsjett. I sum ligg helseføretaka i Helse Vest 3,1 % høgare enn budsjettert målt i sjukehusopphald. Når det gjeld den polikliniske aktiviteten ligg alle dei fire helseføretaka lågare enn det talet polikliniske konsultasjonar som var budsjettert, og i sum ligg helseregionen -2,0 % lågare.

Psykisk helsevern

I perioden frå januar til oktober 2010 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgner 4 % høgare enn til same tid i 2009. Uttrykt i absolutte tal er aktivitetsforskjellane relativt små, og det er generert 440 fleire liggjedøgner i 2010 enn i 2009. Helse Bergen HF rapporterar om nokre færre liggjedøgner enn året før, Helse Stavanger HF ligg på same nivå som i 2009, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert fleire liggjedøgner.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå per oktober 2010 som er om lag 3 % høgare enn ved utgangen av oktober 2009. Så langt i 2010 er det til saman gjennomført nær 97 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald, noko som er tilnærma 3 100 fleire enn i same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har eit høgare aktivitetsnivå enn til same tid i 2009, medan aktivitetsnivået ved dei to andre helseføretaka er lågare.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var per oktober 2010 -0,8 % lågare enn i tilsvarende periode i 2009 målt i talet liggjedøgner. I absolutte tal har det blitt generert om lag 215 000 liggjedøgner, noko som er rundt 1 800 færre enn i 2009. Av dei fire helseføretaka har særleg Helse Fonna HF, men og Helse Stavanger HF generert fleire liggjedøgner så langt i 2010, medan Helse Bergen HF og Helse Førde HF rapporterar lågare aktivitet enn i 2009. I Helse Bergen HF er dette ei ønska vridning frå døgnerbehandling til polikliniske behandling.

Aktivitetsutviklinga innan dagbehandling (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner at den samla aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne er 4,9 % høgare enn året før. Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har alle eit aktivitetsnivå som er høgare enn til same tid i 2009, medan Helse Førde HF har eit lågare aktivitetsnivå enn per utgangen av oktober 2009. Uttrykt i

absolutte tal er det gjennomført over 144 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald dei ti første månadene av året, noko som er nær 6 700 fleire enn per oktober 2009.

2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskafeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.


Somatikk

Det er avdekkja at Helse Bergen HF og Haraldsplass diakonale sjukehus har utfordringar knytt til ventelisteregistreringane innan somatikken etter overgangen til nytt pasientadministrativt system (DIPS). Ikkje alle pasientar som har starta behandling har blitt tatt av ventelista, noko som gjev for høge ventetider og tal på ventande, samt gjev for låge tal for pasientar som har starta behandling. I denne rapporteringa inngår difor framleis ikkje tal frå Helse Bergen HF og Haraldsplass diakonale sjukehus.

For dei tre andre helseføretaka i regionen har dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande innan somatikken halde seg tilnærma stabile frå september til oktober 2010. Dette gjeld både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet.

For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av oktober 2010 78 dagar i gjennomsnitt, noko som er 1 dag lengre enn førre månad, og 13 dagar lengre enn ved utgangen av oktober 2009. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 120 dagar, noko som er 12 dagar lengre enn til same tid i 2009.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan somatikk (ekskl Helse Bergen HF)



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta på behandling ved utgangen av oktober 2010 var 98 dagar innan somatikken. Den samla ventetida ligg dermed 2 dagar høgare enn i september 2010, og er i gjennomsnitt 12 dagar lengre enn til same tid i 2009.


Helse Fonna HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av oktober 2010, både for ventande med prioritet (57 dagar) og for ventande utan prioritet (106 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 77 dagar i Helse Førde HF og 85 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av oktober 2010. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritert var 122 dagar i Helse Førde HF og 126 dagar i Helse Stavanger HF.

Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i oktober 2010, så var dei 77 dagar for prioriterte og 89 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette 9 dagar lengre gjennomsnittleg ventetid enn i oktober 2009, medan ventetida er 6 dagar lengre for enn for eit år sidan for behandla pasientar utan prioritet.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) gjekk ventetidene opp med 3 dagar frå september til oktober 2010 for pasientar med prioritet, medan dei gjennomsnittlege ventetidene var uendra frå førre månad for pasientar utan prioritet.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP)



Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet var 60 dagar ved utgangen av oktober 2010. Dette er 3 dagar lengre enn ved utgangen av førre månad og 9 dagar lengre enn i oktober 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per oktober 2010 135 dagar, noko som er 25 dagar lengre enn for eit år sidan. Figuren over syner og at den gjennomsnittlege ventetida er markant lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet.


Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar med prioritet var kortast i Helse Bergen HF ved utgangen av oktober 2010 med 37 dagar i gjennomsnitt. Ventetidene for prioriterte i dei andre helseføretaka var 45 dagar i Helse Stavanger HF, 56 dagar i Helse Førde HF og 108 dagar i Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 72 dagar i Helse Førde HF til 232 dagar i Helse Fonna HF.

Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i oktober 2010 var 67 dagar, noko som er 19 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet på pasientar utan prioritet som startar behandling er svært lågt, noko som gir store variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 91 dagar for pasientar utan prioritet som blei tatt til behandling i oktober 2010, noko som er markant kortare enn for eit år sidan.

Psykisk helsevern for vaksne

Av figuren som syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne ser ein at ventetidene har gått opp den seinaste månaden både for ventande med og utan prioritet. Ved utgangen av oktober 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 63 dagar og 139 dagar for dei utan prioritet. For pasientar med prioritet er denne ventetida i gjennomsnitt 18 dagar kortare enn for eitt år sidan og 3 dagar lengre enn i september 2010, medan ventetida var 19 dagar lengre enn i oktober 2009 for pasientar utan prioritet.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for vaksne



Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar ved utgangen av oktober 2010 med 42 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene for dei same pasientane med 92 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF og Helse Bergen HF var høvesvis 59 dagar og 49 dagar ved utgangen av oktober i år. For ventande utan prioritet varierte dei gjennomsnittlege ventetidene frå 86 dagar i Helse Stavanger HF til 202 dagar i Helse Bergen HF.

Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for vaksne ligg ein god del lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i oktober 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 43 dagar, noko som er 1 dag kortare enn for 12 månader sidan. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida for pasientar som starta behandling i oktober 2010 var 79 dagar, noko som er 13 dagar lengre enn for eit år sidan.

3. Epikrisetid



I oktober 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 69 % innan somatikk, medan delen låg på 72 % innan psykisk helsevern. Det generelle biletet er at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene, med ein høgare prosentdel sendt tidsnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken.

Innan psykisk helsevern har Helse Førde HF klart å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar enkelte månader det siste året. I sommar og haust har og Helse Bergen HF klart denne målsettinga, medan Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF ligg rundt 65 % - 75 %.

I Helse Førde HF klarte dei og å nå målet om minst 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar innan somatikken i perioden frå juni til august 2010. I oktober 2010 låg Helse Førde HF på 85 %, Helse Fonna HF låg på 77 %, medan Helse Stavanger og Helse Bergen HF låg rundt 65 %.

4. Tertialsvise indikatorar

Tertialsvise indikatorer		Resultat	Mål	Status	=
Samlet Bilde					●
Korridorpasientar psykisk helsevern		0,5%	0%	●	
Korridorpasientar somatikk		3,3%	0%	●	
Strykninger av planlagte operasjoner		7,4%	5%	●	

Indikatorane i målekortet syner status for delen korridorpasientar og delen strykingar av planlagde operasjonar per 2. tertial 2010. Desse tala blei presentert på styremøtet 6. oktober 2010. Dei nasjonale måla er at ein helst ikkje skal ha korridorpasientar innan psykisk helsevern og somatikk, og at delen strykingar av planlagde operasjonar ikkje bør overstige 5 %.

5. Økonomi


5.1 Resultat

	Oktober			Hittil pr. oktober		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	1 136	1 014	122	17 969	6 881	11 088
Helse Bergen	19 654	11 170	8 484	91 486	87 495	3 991
Helse Fonna	369	968	-599	12 333	7 831	4 502
Helse Førde	-3 162	-4 279	1 117	-31 980	-24 682	-7 298
Helse Stavanger	552	2 199	-1 647	-13 015	21 987	-35 002
Fellesområde, føretaksgruppa	15 086	3 723	11 363	69 167	36 229	32 938
Administrasjonen	-715	-429	-286	457	827	-370
Helse Vest IKT	3 011	-586	3 597	6 368	1 332	5 036
Til saman	35 931	13 780	22 151	152 785	137 900	14 885
Reserve	13 467		13 467	134 667		134 667
Korrigert resultat	49 398	13 780	35 618	287 452	137 900	149 552

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr oktober er positivt med kr 152,8 mill som er kr 14,9 mill betre enn budsjettert. Justert for reserve for å sikre usikkerheit er resultatet kr 149,6 mill betre enn budsjettert.

Helse Stavanger




I oktober har Helse Stavanger eit resultat som er pluss kr 0,6 mill noko som er kr 1,6 mill svakare enn budsjetttert. Etter ti månader har føretaket eit negativt akkumulert resultat på kr 13 mill som utgjer eit negativt budsjettavvik på kr 35 mill. Inntektene pr oktober viser kr 72,4 mill i positivt avvik og skuldast hovudsakleg eit overskot på innsats styrt finansiering (ISF) relatert til eigne pasientar, eit overskot på andre øyremerka tilskot, samt eit positivt avvik knytt til polikliniske inntekter.

Dei totale driftskostnadane viser etter ti månader kr 115,9 mill i negativt avvik der personalkostnadane utgjer kr 53,5 mill av dette avviket. Til tross for lågare fråvær enn i 2009 er personalkostnadane høge i forhold til budsjett og total inntening. Utviklinga er lite tilfredstillande og føretaket melder at dei arbeider aktivt for å mellom anna redusere dei variable lønnskostnadane og innleige.

Andre driftskostnader viser eit negativt avvik på kr 10,5 mill, som er om lag som ved førre rapportering. Igangsetjing av ny varmepumpe kan ha bidrege til ei meir positiv utvikling knytt til energikostnader. Avskrivningar gir eit positivt avvik på kr 6 mill og finans resultatet pr oktober viser eit positivt budsjettavvik på kr 8,1 mill.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Føretakets resultat i oktober er på kr 0,4 mill som er kr 0,6 mill dårlegare enn budsjetttert. Etter ti månader er akkumulert resultat kr 12,3 mill mot eit budsjetttert resultat på pluss kr 7,8 mill som gir eit positivt budsjettavvik på kr 4,5 mill.

Akkumulerte personalkostnader inkludert innleige av personell frå byrå er framleis for høgt i høve til føretakets aktivitet og budsjett. Korrigert for refusjonsinntekter frå NAV utgjer avviket kr 24,1 mill noko som i prosent utgjer om lag same budsjettavvik som ved førre rapportering. Hovudtyngda av avviket er framleis knytt til overtid og ekstrahjelp.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Helse Bergen har i oktober eit positivt resultat på kr 19,7 mill som er kr 8,5 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat i oktober er pluss kr 91,5 mill som er kr 4 mill betre enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit negativt budsjettavvik på kr 10 mill der omlag kr 17 mill er knytt til aktivitetsavhengig inntekt. Nytt journal- og pasientadministrativt system vart sett i drift den 26. april 2010. Føretaket er framleis usikker på kva effekt denne innføringa har hatt for evt. tap av inntekt i innføringsperioden.

Kostnadssida syner samla sett budsjettbalanse pr oktober. Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit positivt budsjettavvik på om lag av kr 23 mill medan det er meirforbruk av TNF-hemmarar og MS-medikament som gir eit negativt budsjettavvik på omlag kr 14 mill. Vidare er det eit negativt budsjettavvik på energikostnad på i overkant av kr 11 mill etter ti månader.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet i oktober er minus kr 3,2 mill som er kr 1,1 mill betre enn budsjettert. Føretaket har etter ti månader eit negativt resultat på kr 32 mill noko som er kr 7,3 mill dårlegare enn budsjettert.

Inntektene hittil i år er kr 7,1 mill høgare enn budsjett. Kostnadssida syner eit akkumulert negativt avvik mot budsjett på kr 14,4 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 4,2 mill noko som er kr 0,9 mill dårlegare enn førre rapportering. Varekostnader har eit meirforbruk på kr 6,8 mill og meirforbruket knytt til andre driftskostnadar utgjer kr 7,3 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 3,9 mill målt mot budsjett.

Kjøp av helsetenester

Akkumulert resultat pr oktober er kr 32,9 mill betre enn budsjettert. Hovudårsaka til resultatforbetringa er at endeleg oppgjer for tidligare års kjøp av laboratorium/røntgen tenester frå dei private syner akkumulert kr 17 mill i reduserte kostnader samt at endeleg fylkesdelsoppgjer knytt til laboratorium/røntgen i 2009 vart kr 5,5 mill lågare enn budsjettert. Det er vidare tilbakeført ei avsetning av pensjoner for Apoteka Vest, Helse Vest IKT og RHF'et.

Administrasjonen

Akkumulert resultat pr oktober er omlag som budsjettert.

Sjuehusapoteka Vest

Føretaket har i oktober eit resultat på pluss kr 1,1 mill som er kr 0,1 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 18 mill som er kr 11,1 mill betre enn budsjett. Det positive avviket skuldast hovudsakeleg at varesalet ligg kr 37,2 mil over budsjett samt at varekostprosenten ligg 0,6 % under budsjett. Dette gir eit dekningsbidrag som er kr 8,8 mill (7,6 %) over budsjett.

Helse Vest IKT AS

I oktober er resultatet minus kr 3 mill som er kr 3,6 mill betre enn budsjettert. Akkumulert har føretaket eit resultat som er kr 5 mill betre enn budsjettert.

5.2 Omstilling

Helse Stavanger

Føretaket har oppdatert tiltakspakka for å kompensere for dei tiltaka som har hatt liten eller ingen økonomisk effekt til nå i år. Tiltakspakka er oppjustert til kr 91,5 mill og etter ti månader er det realisert ei effekt på kr 36,6 mill tilsvarande en realiseringsgrad på 54%. Dette er ei forbetring på 2 prosent poeng frå førre månad og Helse Stavanger forventar ei realiseringsgrad på 61% ved årets slutt.

Helse Fonna

Føretaket har ei tiltakspakke spesielt retta mot Klinikk for kirurgi og akuttmedisin som er den klinikken med dei største økonomiske utfordringane. Tiltakspakka er på kr 8 mill og effekten av tiltaka pr oktober utgjer 47 % medan ein forventar ei måloppnåing på 53 % ved årets slutt.

Helse Bergen

Helse Bergen har omstillingstiltak gåande i dei klinikkane som har dei største budsjettutfordringane i 010, utan at dette er talfesta i denne saka.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 97 % av planlagd effekt pr oktober noko som er 9 prosentpoeng betre enn førre rapportering. Helse Førde har ei tiltakspakke på kr 51,1 mill og forventar ein realiseringsgrad på 99 % ved årets slutt. Arbeidet med strategiprosessen mot 2020 legg føringar på kva som vert prioritert i dette i omstillingsarbeidet.

5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	10 700	7 833	2 867
Helse Bergen	110 000	110 000	0
Helse Fonna	12 600	10 000	2 600
Helse Førde	-60 000	-40 000	-20 000
Helse Stavanger	0	26 323	-26 323
Fellesområde, føretaksgruppa	84 000	43 677	40 323
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	3 100	105	2 995
Sum	160 400	157 938	2 462
Reserve	161 400		161 400
Korrigert resultat	321 800	157 938	163 862

Alle tall i heile tusen

Sjukehusapoteka Vest opprettheld si prognose som er omlag kr 3 mill betre enn budsjettert resultatkrav.

Helse Bergen si prognose tilseier framleis ei årsprognose lik budsjettert resultatkrav.

Helse Fonna rapporterer ei forbetra prognose som er kr 2,6 mill over budsjettert resultatkrav. Prognosen er konservativ pga usikkerheita knytt til innføringa av nytt pasientjournalssystem.

Helse Førde opprettheld si prognose som er kr 20 mill dårlegare enn budsjettert resultatkrav.

Helse Stavanger rapporterer eit resultat på kr 0,- som gir eit budsjettavvik på minus kr 26 mill ved årets slutt.

Helse Vest RHF rapporterer eit resultat som er om lag kr 40 mill betre enn budsjettert.

Helse Vest IKT si prognose viser at ein ved året slutt forventar eit resultat som er omlag kr 3 mill betre enn budsjettert.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av oktober ein netto likviditet på minus kr 241 mill (innskott bank med fråtrekk for driftskreditt i Noregs Bank). Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.




Bruk av driftskreditt vil auke i november som følge av mellom anna utbetaling av reguleringspremie til KLP. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere godt innafor trekkramma. Helse Vest vil følge opp likviditetssituasjonen framover og om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar


Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per november 2010 var 16 903. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 229. Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per november 2009 var til samanlikning 16 561, det er ein auke på 342 netto månadsverk frå november 2009 til november 2010.

Brutto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per november var 18 540. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 189 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per november 2009 var 18 221, det er ein auke på 319 brutto månadsverk frå november 2009 til november 2010.




Tal for sjukefråværet for føretaksgruppa var 6,1 % per september og 6,3 % per oktober 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,2 % i september og 5,4 % per oktober 2010 noko som er ein liten auke frå tala som vart rapportert for august 2010. For sjukemeldt sjukefråvær per oktober 2010 er det ein nedgang på 1,1 prosentpoeng i forhold til tilsvarende tal for oktober 2009. Nedgangen i det samla sjukefråværet frå oktober 2009 til oktober 2010 er på 1,3 prosentpoeng.

Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt sjukefråvær er på 9 dagar for september og oktober 2010, og tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 62,2 % for september 2010 og 69,9 % for oktober 2010. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var 56,1 % for september 2010 og 57,2 % for oktober 2010.




For september månad var fordelinga for sjukemeldt sjukefråvær i intervallet 17-56 dagar 2,6%, intervallet over 56 dagar 0,1%. For oktober var det sjukemeldte sjukefråværet i intervallet 17-56 dagar på 2,8%, medan intervallet over 56 dagar var på 0,2 %. Korttidsfråværet i begge månadene utgjør 3,5 % for september og 3,2 % for oktober. Hovudtyngda av korttidsfråværet finn ein i intervallet 9-16 dagar som utgjør 1,4% av det samla sjukefråværet for begge månadene.




Netto månadsverk for Helse Stavanger per november 2010 var 4 634. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 10 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Stavanger per november 2009 var til samanlikning 4 530, det er ein auke på 104 netto månadsverk frå november 2009 til november 2010.

Brutto månadsverk for Helse Stavanger per november var 5 072. Samanlikna med oktober 2010 er det ein auke på 17 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for Helse Stavanger per november 2009 var 4 977, det er ein auke på 95 brutto månadsverk frå november 2009 til november 2010.




Samla sjukefråvær i Helse Stavanger var på 5,3 % per september og 5,6 % per oktober 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 4,1 % per september og 4,7 % per oktober 2010. Det samla sjukefråværet og det sjukemeldte sjukefråværet auka noko både for september og oktober i forhold til tala i august 2010. Det samla sjukefråværet for oktober 2010 er 1,3 prosentpoeng lågare enn tilsvarande talet for oktober 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for oktober 2010 er 1 prosentpoeng lågare enn tilsvarande tal per oktober 2009.

Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 71,4 % for september 2010 og 75,2 % for oktober 2010. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var 62,7 % for september 2010 og 62,7 % for oktober 2010.




Netto månadsverk for Helse Fonna per november 2010 var 2 534. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 10 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Fonna per november 2009 var til samanlikning 2 473, det er ein auke på 62 netto månadsverk frå november 2009 til november 2010

Brutto månadsverk for Helse Fonna per november var 2 772. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 3 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for Helse Fonna per november 2009 var 2 703, det er ein auke på 70 brutto månadsverk frå november 2009 til november 2010.



Samla sjukefråvær i Helse Fonna var 6,2 % per september 2010 og 6,5 % per oktober 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,3 % per september, og 5,5 % per oktober 2010. Dette er omtrent på same nivå som tala for august 2010. Samla sjukefråvær og sjukemeldt sjukefråvær for oktober 2010 er 0,3 prosentpoeng lågare enn tilsvarende tal for oktober 2009.


Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 58,3 % for september 2010 og 58,6 % for oktober 2010. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var 54,7 % for september 2010 og 54,7 % for oktober 2010.



Helse Førde


Netto månadsverk for Helse Førde per november var 1 975. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 25 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Førde var 1 968 per november 2009 det er ein auke på 7 netto månadsverk frå november 2009 til november 2010.

Brutto månadsverk for Helse Førde per november var 2 193. Samanlikna med oktober 2010 er det ein auke på 23 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for Helse Førde per november 2009 var 2 207, det er ein nedgang på 14 brutto månadsverk frå november 2009 til november 2010.



Samla sjukefråvær i Helse Førde var 6,2 % per september 2010 og 5,9 % per oktober 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,3 % per september 2010 og 5,1 % per oktober 2010. Det samla sjukefråværet er omtrent på same nivå som for august 2010, mens det for det sjukemeldte sjukefråværet er ein liten nedgang på 0,3 prosentpoeng frå august 2010 til oktober 2010. Det sjukemeldte sjukefråværet er 1,1 prosentpoeng lågare i oktober 2010 enn per oktober 2009. Det samla sjukefråværet er 1,3 prosentpoeng lågare per oktober 2010 enn per oktober 2009.


Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 61,1 % for september 2010 og 70,1 % for oktober 2010. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var 55,1 % for september 2010 og 59,2 % for oktober 2010.



Helse Bergen


Netto månadsverk for Helse Bergen per november var 7 759. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 13 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Bergen var 7 590 per november 2009 det er ein auke på 169 netto månadsverk frå november 2009 til november 2010.

Brutto månadsverk for Helse Bergen per november var 8 503. Samanlikna med oktober 2010 er det ein nedgang på 3 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for Helse Bergen per november 2009 var 8 335, det er ein auke på 168 brutto månadsverk frå november 2009 til november 2010.



Samla sjukefråvær i Helse Bergen var 6,5 % per september 2010 og 6,6 % per oktober 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,7 % per september 2010 og 5,7 % per oktober 2010. Det samla sjukefråværet og det sjukemeldte sjukefråværet er omtrent på same nivå som for august 2010. Det sjukemeldte sjukefråværet er per oktober 2010 1,4 prosentpoeng lågare enn per oktober 2009. Det samla sjukefråværet er 1,8 prosentpoeng lågare per oktober 2010 enn per oktober 2009.

Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 58,2 % for september 2010 og 71,2 % for oktober 2010. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var 53 % for september 2010 og 54 % for oktober 2010.




7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tilfro til tjenesten	83	80	●	
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	60	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Avvik tilfro pasienter og pårø...	-0	0	●	

7.1 Tilfro til tenesta – oktober månad

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tilfro).

Tilfroa til spesialisthelsetenesta er på 83 prosent, som er 2 prosentpoeng opp i forhold til september 2010. Dette er, saman med januarmålinga 2010, det høgaste nivået som er målt.




7.2 Forskjell i tilfro i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørende og dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra, er i oktober -2 prosentpoeng. Tilfroa er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra.

7.3 Inntrykk av det regionale helseforetaket

Inntrykket av det regionale helseforetaket, ligg i oktober på 60 prosent. Dette er godt over gjennomsnittet for målingane, men noko ned frå toppmålinga i september.



7.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:

Indikator 4 er i oktober *0 prosentpoeng*, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er heilt lik blant dei som sjølve har vore pasientar dei siste tre åra, samanlikna med dei som berre har vore pårørande. I septembermålinga var denne indikatoren 3 prosentpoeng.